

MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
I
ROGALAND
19 23

Navnet på vatnet Vassstølvatnet
Kommune Sældal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet
og skriving av meldinga er utført av Rogal-
land Skogselskap v/ E. Berg, etter retnings-
liner og i nært samarbeid med Konsulenten
for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr
Øyvind Vasshaug.

V A S S T Ø L V A T N E T

Fiskeanalysen vart fereteken den 8. aug. 1973.

Vatnet ligg i Suldal kommune, aust for Midtstølvatnet og sør for Åsane, og i ei høgd av 468 m.o.h.

Areallet utgjer omlag 9 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein må anta at det er ganske djupt på sine stader utsida, men med større, grunnlendte partier nær land.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjermebotn dominerer på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Betngras, brasmebras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om snaumark, myr og fjell. Her veks spredt blandingsskog av furu og bjerk, med blåbær- og tyttebærlyng, skinntryte, einer m.v. som undervegetasjon.

Hovudbergarten er granitt.

Det største bekketilsiget fell inn på sersida og bortsett frå dette fell der inn fleire mindre bekketilsig, også på sersida.

Avlaupet renn ut i nord og går til Suldalslågen.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 7.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul.

Surheita pH vart målt ute på vatnet og i hovudtilsiget. Ein kom begge stader til same resultat pH = 5.0 som er i suraste laget for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 0.8 mg/l og den totale hardheita 1.3 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriserast som mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Leiingsemna $K_{18} = 16.5 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga kan til sine tider vera ganske ster.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til følgjande resultat:

På 2,0 m vart det funne 1 fåberstemark, 4 fjærmygglarver og 2 vårfuglarver tilsvarende 70 individ pr. m^2 .

5,0 meteren gav som resultat 15 fjærmygglarver og 2 vårfuglarver - i alt 170 individ pr. m^2 .

Samla resultat syner at det er lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foretaken, tok vi mageprøver av 3 fiskar og her vart det funne sommerfugllarver, fjærmygglarver, myggupper, vårfuglarver, steinfluglarver, døgnfluglarver, plankten, linsekreps og luftinnsekter.

Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m med planktonhov, og resultatet var ein relativt rik prøve.

Fisk m.v.


Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 4 garn av ymse maskesterleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 33 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar får vi denne grafiske framstillinga.



Det vart teke prøver av 20 aurar og av desse var 1 lys rød - resten kvite i fiskekjøttet.

Videre var der 11 hofiskar og 9 hanfiskar - ei normal kjennsfordeling.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

80 % av prøvefiskane var gytefisk - resten gjellfisk.

Alder ved vinter


	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.3	9.9	15.0	19.0	18.1	21.4
Årleg lengdetilvekst i cm	4.3	5.6	5.1	4.9	-0.9	3.3
Antal fiskar	20	20	20	20	6	1

Medel kondisjonsfaktor = 0.93 tilseier mager, langstrakt fisk.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for fisken i Vasstølvatnet og samanlikna med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).

Som vi her vil sjå, ligg vekstkurven stort sett under normalen like frå første år av. På grunn av at prøvematerialet er altfor tynt av dei eldre årgangane, får ein neko uregelmessig kurve

ved 5-6 års alder. Det er grunn til å tro at den forlenga lina fra 4 års alder er representativ for fisken i Vasstølvatnet. Fisken går mot ei totallengd på ca. 21-22 cm men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig og surt, og vidare sterkt overbefolka.

Betnprøvene gav eit magert resultat og det er heller ikkje så rart når ein tenkjer på det store fiskebestandet som går og beitar.

Omfarfordelinga syner at over 80 % av fiskane vi fekk vart tekne på det eine, småmaska garnet av omf. 32, så det er småfisken som fullt ut dominerer vatnet.

Ut frå cm-klassane vil ein sjå at storparten av fisken er å finna i storleiken 21 cm.

Ser vi på vekstkurven, så fortel denne at lengdetilveksten på fisken er därleg.

Det som er avgjerande for næringsdyrproduksjonen og fylgjeleg fiskeproduksjonen i eit vatn er nedslagsfeltet, då det er frå nedslagsfeltet at vatnet får tilsiga sine, og dei steffa som tilsiga fører med seg vil setja sitt preg på vatnet - enten til godt eller vendt.

Består nedslagsfeltet av kultivert mark, vil alltid tilsiga føre verfulle næringsstoff med seg, og dette vil gi seg utslag i ein fredig vegetasjon i og omkring vatnet og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølv næringssgrunnlaget i eit vatn. Nedslagsfeltet for Vasstølvatnet må karakteriserast som skrint og sterparten av tilsiga kjem frå høgfjellet. Nedslagsfeltet er såleis ikkje i stand til å nøytraliser den sure nedbren vi i dag får og fylgjeleg har vatnet blitt temmeleg surt. Det er såleis ikkje mykje å gå på før den kritiske grensa er nådd for Vasstølvatnet. Kjem pH under 4.9 kan ein ikkje rekne med at fisken vil kunna formere seg lenger.

Praktiske tiltak.

Det første ein må gjera er å redusere fiskebestandet ganske kraftig då dette i dag er langt i overkant av vatnet si bereemne.

Den beste måten å gripe inn på, og som vil ha stor verknad, er å fange fisken på gytebekkene om hausten. Ein vil då få bert gytefisken og vidare den årgangen med yngel og småfisk som ville ha kome frå desse.

Mentér ruser på tilsigsbekkene og gå fram på fylgjande måte. Demm opp bekkene på både sider nokre meter opp frå vatnet, og lei vatnet inn i eit laup på ca $1/2 \times 1/2$ m. Plassér rusene på øvre sida med åpningen (kalven) ned mot vatnet og såleis at rusa dekkar heile laupet. All fisken som nå går på bekken for å gyte vil vera nedt for å gå inn i rusa, som då må temast minst ein gong kvar veke. Ved å drive dette rusefisket i 2-3 år framover så vil tilhøva endre seg og ein vil faktisk kunna sjå frå år til år korleis fiskekvaliteten blir betre.

Då vatnet er lite og oversikteleg, skulle det ikkje by på store vanskar å halde fiskebestandet under kontroll.

Ein annan måte å redusere bestandet på er å drive garnfiske med småmaska garn. Garna må setjast ved bekkeosane om hausten, men dette er meir arbeidskrevande enn rusefisket.

Om ikkje surheita forverrar seg, er det på litt lengere sikt god
ven om å få fram eit brukbart fiskebestand i Vassstølvatnet, men det
krevst interesse, rett reiskap og noko tid av dei som steller med
vatnet.

Etter nokre år kan vi så ta ein ny analyse for å sjå verknaden
av tiltaka.

Stavanger 3/12 1973

Einar Berg